

# Årsmelding og rekneskap 2007



## Sogn regionråd

Aurland kommune  
Balestrand kommune  
Leikanger kommune  
Luster kommune  
Lærdal kommune  
Sogndal kommune  
Vik kommune  
Årdal kommune

April 2008

## Innhald

<b>1</b>	<b>Sogn regionråd</b> .....	3
1.1	Møte og deltaking .....	3
1.2	Rekneskap – økonomiske resultat.....	4
<b>2</b>	<b>Aktivitetar i 2007</b> .....	4
2.1	Skule.....	4
2.2	Reiseliv.....	5
2.3	IKT.....	5
2.4	Rekruttering.....	6
2.5	Næringsutvikling .....	6
2.6	Barnevern .....	7
2.7	Helse .....	7
2.8	Flyplass .....	7
2.9	Regionalplan .....	7
2.10	Samarbeidsfora.....	7
2.10.1	Rådmannsgruppa .....	7
2.10.2	Regionalt ungdomsnettverk .....	8
2.11	Orienteringar og gjesteforedrag.....	8
2.12	Fråsegner frå Sogn regionråd .....	8
<b>3</b>	<b>Vedlegg</b> .....	9

# 1 Sogn regionråd

## 1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er ein interkommunal samanslutnad etter kommunelova § 27 og er samansett av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Ordførararane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing fram til valet hausten i 2007 var:

Leikanger kommune, Olav Lunden (leiar)  
Aurland kommune, Olav Ellingsen  
Balestrand kommune, Erland Fagermoen (nestleiar)  
Luster kommune, Torodd Urnes  
Lærdal kommune, Knut O. Aarethun  
Sogndal kommune, Karen Marie Hjelmeseter  
Vik kommune, Erik Lidal  
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid

Etter kommunevalet fekk rådet slik samansetjing:

Vik kommune, Marta Finden Halset  
Aurland kommune, Olav Ellingsen  
Balestrand kommune, Einar Målsnes  
Leikanger kommune, Olav Lunden  
Luster kommune, Torodd Urnes  
Lærdal kommune, Arne Sanden  
Sogndal kommune, Jarle Aarvoll  
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid

I møtet 7. desember vart Marta Finden Halset vald til leiar frå 1.1.2008 og Torodd Urnes vart vald som nestleiar.

Sogn regionråd har eige sekretariat med spesialkonsulent tilsett i fast stilling. Stillinga er formelt sett lagt til administrasjonen i Sogndal kommune under eininga fag og utvikling. Ny avtale med Sogndal kommune er gyldig til 2010.

Sogn regionråd hadde 7 møte:

26. januar, Aurland  
9. mars, Sogndal  
27. april, Balestrand  
15. juni, Lærdal  
31. august, Kaupanger  
28. september, Sogndal  
7. desember, Sogndal

Det vart handsama 45 saker i løpet av året.

## 1.2 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen har ikkje hatt eigen revisjon for 2007, men vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført kr 7 143 380 i 2007. Av desse utgjer kontingent og refusjon frå kommunane kr 4 190 113. Det er brukt kr 1 197 051 av bundne midlar.

Sogn regionråd er tilført kr 2 953 267 i eksterne midlar i 2007.

Netto driftsresultat er kr 1 944 667.

Ubrukte midlar er overført til fond.

Detaljar i rekneskapen er lagt ved som vedlegg.

## 2 Aktivitetar i 2007

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i ”Regionalplan for Sogn 2005-2008”. Planen har desse tema: Infrastruktur, næringsutvikling, bruk og vern, kompetanse og forskning, teneste og service og trivsel og tryggleik.

Sogn regionråd har ein samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Målet med avtalen er å samordna planlegging og gjennomføring av regionalplanen for Sogn. Avtalen har desse satsingsområda for 2007: Skule, reiseliv, IKT, rekruttering, ungdom og næringsutvikling.

### 2.1 Skule

Programperioden for prosjektet ”Sats på skulen – snu Sogn” er 2006-2012. Målet med programmet er:

”Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen”.

Programstyret vart konstituert våren 2007 og prosjektleiar byrja 1. august.

Prosjektet har 3 delprogram:

Kompetanseutvikling for skuleleiarane : Det første kullet på 32 deltakarar starta på toårig opplæringsprogram hausten 2007

Kommunen som skuleeigar - sjå skuleutvikling i samheng med samfunnsutviklinga:

Programstyret har laga ein handlingsplan i 2007

Fagnettverk

## 2.2 Reiseliv

Sogn regionråd gav eit tilskot på kr 200.000 til felles marknadsføring av reiseliv i regionen gjennom Visit Sognefjord.

I regi av Sogn regionråd vart det halda eit dialogmøte med reisemålsselskapa og dei største transportselskapa 9. februar med. Sogn regionråd valde å oppmoda fylkeskommunen om ein fylkesplanprosess i staden for å ein regional prosess. Sogn regionråd har vedteke å samarbeida med fylkeskommunen om strategiske reiselivsplanlegging for Sogn og Fjordane, og vil delta i fylkeskommunen si referansegruppe.

## 2.3 IKT

### **IKT-strategi**

IKT-funksjonen er delt i Sogn regionråd mellom ÅLAV (Årdal, Lærdal, Aurland og Vik) og BLLS (Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal).

Faggruppa har hatt 2 møte og starta på hausten arbeidet med å få meir spesifiserte avtaler med fylkeskommunen om kommunenett og GIS-løysing.

### **Breibandutbygging**

Breibandutbygging fase 3 vart starta opp på hausten med felles utlysing for Sogn regionråd med bistand frå SFFI (Sogn og Fjordane Fellesinnkjøp).

Nils Geir Myrkaskog, Vik kommune, er Sogn regionråd sin representant i Breibandforum.

### **IKT Helsenettverk**

Nettverket arbeider særleg med modernisering knytt til samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Gunnar Steine, Leikanger kommune, har vore Sogn regionråd sin representant.

### **IKT- skulenettverk**

Nettverket arbeidar for å tilby alle skular ein fylkesdekkande digital læringsplattform. Sogn regionråd har delteke i eit skulenettverk under IT-forum. Sture Førre, Luster kommune har vore Sogn regionråd sin representant.

### **Geografiske informasjonssystem (GIS)**

Det vart tilsett GIS-koordinator i full stilling med Vik kommune som arbeidsgjevar.

Det har vore gjennomført tre delprosjekt i GIS og Sogn regionråd har fått tilskot frå fylkesmannen til alle prosjekta.

### **a) Fase II av prosjektet Integrerte kommunale tenesteportalar**

Prosjektet har hatt fleire delaktivitetar m.a.:

utarbeiding av nye temakart

ny søkefunksjon

etablering kulturminne-, overnattings- og turdatabaser

utvikling av digitalt målebrevarkiv og digitalt planarkiv

opplæring av 25 GIS-medarbeidarar

Vik kommune var pilotkommune i prosjektet, og metoden vil bli overført til andre kommunar i 2008.

#### **b) ROS analyse med visualisering på Internett**

Prosjektet har hatt desse delaktivitetane:  
oppmåling, registrering og kartlegging av skred og flaumsikringstiltak  
det er laga rapport som beskriv metoden i prosjektet

Årdal kommune har vore pilotkommune i prosjektet, og metoden vil bli overført til andre kommunar i 2008.

#### **c) Forprosjekt ”Plan- og temadata i Sogn og Fjordane”**

Prosjektansvarleg er Statens Kartverk. Målet med forprosjektet var å laga ein plan for etablering, vedlikehald, forvaltning og tilgjengeleggjering av arealplan- og tematiske geodata hos kommunane. Etablering av digitale kommuneplanar vart prioritert. Forprosjektet vart slutført i 2007.

## 2.4 Rekruttering

### **Traineeprosjekt**

Sogn regionråd gav tilskot på kr 10 000 til etablering av nettportalen framtidfylket.no for rekruttering til Sogn og Fjordane.

### **Kompetanse- og rekrutteringsnettverk**

Fleire offentlege verksemdar i midtre og indre Sogn er med i eit kompetanse- og rekrutteringsnettverk. Bente Bakke, personalkonsulent i Sogndal kommune, er Sogn regionråd sin representant i nettverket.

## 2.5 Næringsutvikling

### **Njøs Næringsutvikling**

Sogn regionråd bidrog til omstilling ved forskningsstasjonen på Njøs med kr 200 000 i 2007, og er innstilte på å delta i resten av omstillingsperioden.

### **Program for mikroverksemdar**

Målet med prosjektet ”Program for mikroverksemdar” var å bidra til å betre lønnsemd og vidareutvikle små verksemdar. Prosjektet vart avslutta 1.3.2007.

### **Småbrukprosjektet**

Sogn regionråd vedtok på møtet 27. april 2007 å omdisponera midlar sett av til småbrukprosjekt i Sogn i 2007 til andre utviklingsprosjekt. Bakgrunn for vedtaket er at prosjektet ikkje har fått tilstrekkeleg forankring i alle kommunar.

### **Prosjekt ”Kommunal næringsutvikling”**

Harald Mundal, Lærdal kommune, er Sogn regionråd sin representant i prosjektgruppa i prosjektet ”Kommunal næringsutvikling”. Gruppa har m.a. laga oversyn over tiltaksapparat og virkemiddel, kompetanseheving i tiltaksapparatet og laga opplegg for samla rapportering av virkemiddel og arrangert tiltaksforum.

## 2.6 Barnevern

Fase II av Barnevernprosjektet skulle sjå på korleis etablering av eit interkommunalt i Sogn bør skje. Forprosjektet er finansiert gjennom av kommunal eigendel og tilskot frå fylkesmann. Rapporten vart lagt fram 1. mai, og har vore handsama i regionrådet og kommunane hausten 2007. Kommunane Leikanger, Luster og Sogndal vedtok ein vertskommunemodell med Sogndal som vertskommune. Dei andre kommunane har høve til å slutta seg til evt. seinare kjøpe tenester frå vertskommunen eller oppretta eigen vertskommune.

## 2.7 Helse

Helsegruppa har arbeidd med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta og lokalsjukehus i 2007. Regionrådet har vore representert i strategigruppe for Lærdal sjukehus. Det har ikkje vore aktivitet i strategigruppa i 2007.

Leiar i regionrådet er representert i koordineringsrådet i Helse Førde.

## 2.8 Flyplass

Flyplassgruppa har arbeidd for å oppgradera Haukåsen mot ferdigstilling i 2008. Gruppa har også arbeidd for å betra kapasiteten på morgon- og kveldsflyet.

## 2.9 Regionalplan

Regionrådet starta arbeidet med å rullera regionalplanen for Sogn 2005-2008 og eit evalueringsnotat om gjennomførte tiltak vart påbegynt. RUP-gruppe følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

## 2.10 Samarbeidsfora

### 2.10.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling mellom kommunane og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning og tenesteproduksjonen i regionen. Leiar for rådmannsgruppa er Jostein Aanestad, rådmann i Sogndal kommune. Dei hadde 7 møte i 2007. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta og skriv referat.

Dei viktigaste sakene i rådmannsgruppa:

#### **Kontroll- og tilsynsordninga**

Gruppa laga utkast til mandat for evalueringa av kontroll- og tilsynsordninga til Sogn regionråd

Gruppa gav tilråding til regionrådet om revisjon og sekretariatstenestene

#### **IKT**

Oppretta ei IKT-faggruppe som skal vera ein arena for IKT-relaterte problemstillingar som vedkjem Sogn regionråd

Auka prosjektleiarstilling som GIS-koordinator frå 40% til 100%  
Orientering om prosjekt og status i GIS-arbeidet

### **Forsikring**

Endra forsikringsstrategien  
Vurderte innkomne anbod på skadeforsikring

### **Barnevern**

Gruppa handsama prosjektrapporten og laga eit tilleggsnotat som vedlegg til høyringsrunden i kommunane

## **2.10.2 Regionalt ungdomsnettverk**

Det regionale ungdomsnettverket har eigen aktivitetsplan for 2006-2008, og disponerer kr 180.000,- av regionale utviklingsmidlar i planperioden. Elin Reinås, ungdomsleiar i Sogndal kommune, har vore leiar. Nettverket har hatt 4 møte. Aktivitetar har vore 2 dagar nettverksamling om tema å vera rollemodell der 22 ungdomsarbeidarar var med, tilrettelegging for ungdom som samarbeider på tvers av kommunegrensene og informasjonsmøte for 10. klassingar der tema er hybellivet og korleis trivast betre.

## **2.11 Orienteringar og gjesteforedrag**

Sogn Jord- og Hagebruksskule, rektor Bjørg Fritsvold  
Sogn og Fjordane fylkeskommune, prosjektleiar Eline Orheim  
Husbanken, regiondirektør Mabel Johansen og leiar for boligsosial seksjon May-Brit Nordås  
Visit Sognefjord, dagleg leiar Noralv Distad  
HSF, høgskulelektor Ståle Brandshaug  
Sogn og Fjordane fylkeskommune, ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen  
Helse Førde, seniorrådgjevar Tove Hovland  
Sogn Folkemuseum – De Heibergske Samlingar, museumsdirektør Aage Engesæter, naturhistorisk konservator Liv Byrkjeland  
Indre Sogn Kystlag, leiar Marny Tønnesen  
IT-forum skulenettverk, leiar Sture Førre  
Sogn og Fjordane fylkeskommune, ass. fylkesdirektør kultur Svein Arne Skuggen Hoff  
Ungdomsnettverket, leiar Elin Reinås  
”Sats på skulen – snu Sogn”, prosjektleiar Ingrid Syse  
Alarmsentralen i Sogn og Fjordane, dagleg leiar Terje Brandsøy

## **2.12 Fråsegner frå Sogn regionråd**

Fråsegn til høyringsdokument om ”Samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta i Sogn og Fjordane” til KS Sogn og Fjordane, 2.1.2007,  
”Helse Førde sitt budsjett for 2007”, 4.1.2007  
”Kompetansesenter for distriktsutvikling i Sogndal” til Kommunal- og regionalministeren, 31.1.2007  
”Ferjeavvikling ved langvarig stenging av Fatlaberget” til Statens Vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune, 12.3.2007  
”Sommarstenging av fødestova i Lærdal” til Helse Førde, 19.6.2007  
Fråsegn til ”Høyringsdokument Helse 2020” til Helse Vest, 20.6.2007



### 3 Vedlegg

#### Note nr 18 - Rekneskapsoversikt - Sogn regionråd

Deltakarkommunar:

Sogndal, Leikanger, Luster, Lærdal, Årdal, Aurland, Vik, Balestrand

	Rekneskap 2007	Revidert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2006
<b>DRIFTSINTEKTER</b>				
				-341 140
Refusjonar frå deltakarkommunar	-4 190 113	-4 251 040	-1 082 808	-4 176 798
Refusjon frå staten	-388 414			-180 818
Refusjonar frå fylkeskommunen	-620 153			-1 337 000
Refusjonar frå andre/private	-495 000			-138 740
Overføringar frå staten	-1 450 000	-875 000		-875 000
Overføringar frå fylkeskommunar				
Andre overføringar		-1 375 000		
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-7 143 680</b>	<b>-6 501 040</b>	<b>-1 082 808</b>	<b>-7 049 496</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønsutgifter	765 599	584 000	688 000	405 883
Sosiale utgifter	205 950	4 900	160 000	115 699
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod	1 083 835	306 000	114 808	1 700 314
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod	1 774 200	3 309 900		2 494 576
Overføringar	1 168 964	2 272 000		621 313
Fordelte utgifter	200 465	124 000	120 000	
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>5 199 013</b>	<b>6 600 800</b>	<b>1 082 808</b>	<b>5 337 784</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-1 944 667</b>	<b>99 760</b>	<b>0</b>	<b>-1 711 712</b>
<b>EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR</b>				
<b>Finansinntekter/finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter				342
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>342</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-1 944 667</b>	<b>99 760</b>	<b>0</b>	<b>-1 711 370</b>

**AVSETJINGAR****Bruk av avsetjingar**

Bruk av bundne fond	-1 197 051	-200 000		-1 950 121
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>-1 197 051</b>	<b>-200 000</b>	<b>0</b>	<b>-1 950 121</b>

**Avsetjingar**

Avsetjingar til budne fond	3 141 718	119 140	0	3 661 490
<b>Sum avsetjingar</b>	<b>3 141 718</b>	<b>119 140</b>	<b>0</b>	<b>3 661 490</b>

**Rekneskapsmessig  
meirforbruk/mindreforbruk**

<b>0</b>	<b>18 900</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
----------	---------------	----------	----------

**Oversikt over fond Sogn regionråd**

	<b>Korrigert 2008*</b>	<b>31.12.2007<sup>1</sup></b>	<b>31.12.2006</b>
FOND SOGN REGIONRÅD-DIV. PROSJEKT	-469 625	-54 625	0
FOND SOGN REGIONRÅD-UNGDOM	-176 922	-176 922	-250 421
FOND SOGN REGIONRÅD-REISELIV	-272 000	-72 000	-172 000
FOND SOGN REGIONRÅD-GIS	-178 328	-199 329	0
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEVERN	-292 517	-292 517	-188 684
FOND SOGN REGIONRÅD-FLYPLASS	-3 985 796	-3 985 796	-3 985 796
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE	-1 786 982	-1 736 982	-460 767
FOND SOGN REGIONRÅD-KONTINGENT	-284 839	-1 049 839	-256 191
FOND SOGN REGIONRÅD-IKT	-135 200	-14 200	-323 684
<b>SUM</b>	<b>-7 582 209</b>	<b>-7 582 209</b>	<b>-5 637 543</b>

\* Nokre av fonda er korrigert i 2008 :

(1) RUP-midlar kr 550 000 frå fylkeskommunen vart ført på Kontingent-divspes, istadenfor å bli fordelt på desse divspes i rekneskapen 2007 :

RUP (kr 200 000), reiseliv (kr 200 000), GIS (kr 100 000) og skule (kr 50 000). Fond div.prosjekt, reiseliv, GIS og skule er retta tilsvarende.

(2) Noko av kontingentmidlane frå kommunane (kr 215 000) vart ikkje ført på divspes RUP i rekneskapen 2007. Fond div. prosjekt er retta tilsvarende.

(3) For mykje brukt av fond IKT (kr 121 000) er tilbakeført til IKT og trekt tilsvarende frå fond GIS